



## Årsmelding Sirdal bygdekinnelag 2016

Bygdekinnelaget har no 25 medlemmar, noko som er to færre enn i 2015. Kontingenget for 2016 er kr. 625,-, der kr. 500,- går til NBK og kr. 125,- til fylkeslaget. Lokallaget sponsar kr. 100,- per medlem om ein sjølv bed om det.



### Styret 2016:

Leiar: Solveig Marie Ådneram (på val)  
Nestleiar: Wenche Svanes (går ut)  
Sekretær: Åse-Berit Fidjeland (har eitt år att)  
Studieleiar: Helin Morel (har eitt år att)  
Kasserar: Anita Haugen (har eitt år att)  
1. vara: Perny Hommeland Haugen - møter fast på styremøta (går ut)  
2. vara: Annbjørg Tjørhom (går ut)

Valkomité: Siri Fidjeland og May Britt Ousdal (på val)

Revisor: Anne Mette Hovland (på val)

### Aktivitetar og arrangement:

Styret hadde konstitueringsmøte 05.11.15, og har hatt tre (3) styremøte i tillegg.

- \* Refleksnatursti i november der 56 personar, dvs. 35 barn og 21 vaksne, deltok (ope arrangement)
- \* Persesyltekurs på Tjørhom grendehus der 12 personar deltok (medlemsarrangement)
- \* Vinsmaking v/Renate Albrigtsen på Sirdal høyfjellshotell med 14 deltagarar (ope arrangement)
- \* Juletrebrenning inkludert juletrekastekonkurranse med 15 små og 17 store og artikkel i Agder - Flekkefjord Tidende 20.01.16
- \* Basar med inntekt til Øvre Sirdal leitegruppe - eit ope arrangement der 93 personar møtte opp. Me fekk inn kr. 30 076,- med 20 000,- til leitegruppa til nye hovudlykter og omtale i Agder - Flekkefjord Tidende 07.09.16
- \* Kreativt kurs med redesign av dongeribukser ved Wenche med tre (3) deltagarar (medlemsarrangement)
- \* Medlemstur til Wik gartneri m/middag på Møllehagen, Bryne, med 7 deltagarar (medlemsarrangement)
- \* Sommaravslutting m/konsert med Kaare Lauridsen og Strangeways og grilling

der 17 personar møtte, derav seks (6) ikkje-medlemmar (ope arrangement)

\* "Bygda i bevegelse" - opne arrangement i friluftslivets år:

- Vinter: Skitur Kvæven - Haugen m/skileik og kurs i cowboybrødlaging  
der 12 personar møtte opp
- Vår: Fjelljegertur til Hilleknuten (17 personar)
- Sommar: Fotballgolf saman med Sirdal fjellgolf (17 personar)
- Haust: Soppkurs ved Eva Tennfjord (3 personar) der det blir  
arrangert oppfølgingskurs "Naturen som spiskammers"  
v/Anne Lise T. Gjesdal 27. oktober.

Sunn matglede-kurs for barn på Tonstad og Sinnes skule vart utsett til i haust,  
og er planlagt gjennomført 3. og 17. november.

Elles arrangerte Sirdal bygdekvinnelag "**Peparkakebygda**" saman med biblioteket for andre gong der det kom inn femten (15) bidrag, ei tredobling frå første året, med artikkel i Agder - Flekkefjord Tidende 21.12.15. På **Suppefestivalen** på Tonstad delte me igjen ut kald rabarbrasuppe. I år fekk bygdekinnene planta **sommarblomar**, sponsa av Wiig gartneri, i rundkøyringa på Sinnes, og fekk både omtale og lagbilete i Stavanger Aftenblad. **Lesesirkelen** held fram med seks damer som møtest om lag ein måndag i månaden på biblioteket, og i år har tre (3) vore på bokCAFÉ på Hå gamle prestegard, fire (4) har sett filmen "Pyromanen" og tre (3) "Løvekvinnen" på Sirdal kommunale kino etter sjølvsagt å ha lese bøkene på førehand, og dei skal sjå "Åndenes hus" på video. Bygdekvinnelaget held òg fram med ei **velkomsthelsing**, blom og informasjonsskriv, til nye innbuarar.

Ikkje alle arrangementa har blitt gjennomførde eller med like stor oppslutnad, men fleire har hatt høgare deltaking enn tidlegare, og me meiner at dei som har møtt opp, både små og store, har vore nøgde med aktivitetane.

Det er ikkje alltid like lett å få folk til å stilla på dugnader, så i år har me takka nei til å arrangera konsert saman med kulturkontoret og gjestebod på Runtleneset, men bygdekvinnelaget hadde ansvar for servering på SRS video sitt filmsett på Kvæven i august.

Solveig Marie Ådneram var på RBK sitt leiarmøtet i november, årsmøtet i mars og var observatør på årsmøtet i NBK i Lyngdal.

Fidjeland 17.10.16, Åse-Berit Fidjeland (skrivar)

